

Reidun Landro
Osterfjordvegen 531
5915 Hjelmås

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Mundal 19.10.18

Høyringsuttale til søknad om auka areal og biomasse på lokalitet Eikebærånæ, sak 18/2444.

Eide Fjordbruk AS har søkt om utviding av eksisterande anlegg på Eikebærånæ i Osterfjorden, og i det høve ynsker eg å fremje nokre synspunkt. Eg vil vise til Lov om akvakultur si §16 *Interesseavveining ved arealbruk til akvakultur*, bokstav c – *annan bruk av området*.

Det finst heilt klart interessekonfliktar når det gjeld arealbruk i det aktuelle området. Slik eksisterande anlegg ligg i dag er det allereie i konflikt med fritidsfiske i området, og med den utvidinga det er søkt om vil denne konflikta verte markant større. Sjølve anlegget vil leggje beslag på eit mykje større område av fjorden – eg tolkar søknaden som at dette vil svare til minst 200x300 meter, mot 25x50 meter i dag – og dette vil heilt klart vere sjenerande for bruk av fjorden. Den største ulempa vil likevel vere forankringane som må til for å halde på plass eit så stort anlegg, då det går fram av søknaden at tal fortøyingar vert mangedobla i høve til fortøyingane på dagens anlegg. Me slit allereie med at eksisterande fortøyingar er i vegen for det fisket me «alltid» har drive med i området, og opplever stadig at fiskereiskap hektar seg fast og går tapt – med dei negative følgene for miljøet i fjorden det har. Me prøver å tilpasse oss slik at fiskereiskap ikkje kjem i kontakt med fortøyingane, men opplever det som krevjande. Med den planlagde utvidinga vert nye fortøyingar så mange, så lange og plassert så tett – både med kvarandre og mot land – at me lurar på om det i det heile tatt er mogeleg å drive fritidsfiske i området. Området fortøyingane legg beslag på er stort – rundt 2 km lagt ved land, og ut til rundt midtfjords.

Kvifor er det eit problem at det vert umogeleg å drive fritidsfiske?

Det er eit aukande fokus på at me må klare å snu vår levemåte til å vere meir berekraftig. I det å vere berekraftig ligg det fleire perspektiv, både økonomiske, kulturelle, demokratiske og økologiske. I det økologiske perspektivet ligg det å ta vare på naturen, og forvalte den på ein forsvarleg måte. Barn som opplever naturen som ein verdfull stad å vere, vil sannsynlegvis byggje ei større forståing av å ta vare på den (Steneby, 2014). For å kunne ta vare på naturen må ein ha kjennskap til den – og det er her fritidsfiske kjem inn. Gjennom å ferdast på fjorden og hauste av den slik me har gjort i generasjonar, kan òg den oppveksande generasjon få høve til å få førstehandskjennskap til denne delen av naturen (Krempig & Utsi, 2017, s. 107), og slik vere med på å ta vare på naturen i framtida. Dei kan få oppleve å ferdast på fjorden i skiftande årstider, og gleda og spaninga ved å fiske sin eigen mat. Det er ein helt klar samanheng mellom å få rikhaldige naturopplevingar som barn og ung, og det å vere oppteken av å forvalte naturen på ein berekraftig måte som vaksen (Hordaland fylkeskommune, 2015, s. 100 og Heggen, 2016, s. 92). Når me veit at den oppveksande generasjon er mindre utandørs enn tidlegare generasjonar (Dickinson, 2013), er det grunn til å søkje å legge *meir* til rette for naturopplevingar, ikkje mindre. Me treng alle at den oppveksande generasjon vert betre på å tenkje berekraft enn me sjølv har vore...

Eit raskt overslag viser at det er om lag 30 barn og unge under 20 år som høyrer til på Mundal, der heile strandsona vert råka av fortøyinga til omsøkt anlegg. I tillegg kjem dei i nabobygdene som også nyttar dette området til fritidsfiske. Gjennom allemannsretten, ein rett som er ganske unik i verdssamanheng (Sinnes, 2015, s. 142), har me i Noreg god moglegheit til å nytte naturen. Ved å tillate Eide Fjordbruk AS å utvide, vil ein begrense tilgang til fjorden, og i praksis ta i frå den oppveksande generasjon her moglegheita til å drive fritidsfiske og slik verte kjend med denne tradisjonelle måten å hauste av naturen på. Dette er alvorleg, då det er heilt klart at ei dreining i meir berekraftig retning må inkludere barna våre (Steneby, 2014).

Lindås kommune må ta medansvar for ei berekraftig framtid.

Eg vil avslutte med å vise til formålsparagrafen (§1) i akvakulturlova der det står «loven skal fremme akvakulturnæringa (...) innenfor rammene av en bærekraftig utvikling», og ber om at Lindås kommune tek omsyn og medansvar for ei berekraftig framtid i si behandling av

søknaden til Eide Fjordbruk AS. Det hjelper lite at sjølve anlegget driftast berekraftig dersom ein samtidig tek vekk grunnlaget for berekraft – på fleire plan – i heile området.

Med helsing eigar av Osterfjordvegen 531 og mamma til 6 barn,

Reidun Landro

Referansar til litteratur brukt for å underbygge påstander om utvikling av berekraftig medvit:

Dickinson, E. (2013). The Misdiagnosis: Rethinking “Nature-deficit Disorder”.

Environmental Communication, 7:3, 315-335, DOI: 10.1080/17524032.2013.802704

Heggen, M. P. (2016). Education for Sustainable Development in Norway. I J. Siraj-

Blatchford, C. Mogharreban & E. Park (Red). *International Research on Education for Sustainable Development in Early Childhood*, Springer, 91-102.

Hordaland fylkeskommune (2015). *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Hentet fra:

https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/kultur/hfk_kulturplan.pdf

Krempig, I. W. & Utsi, T. Aa. (2017). Hvor kommer maten fra? Høsting av «vill» mat med barnehagen. I B. U. Wilhelmsen (Red.), *Mat- og måltidsaktiviteter i barnehagen* (s. 81-108). Oslo: Universitetsforlaget.

Sinnes, A. T. (2015). *Utdanning for bærekraftig utvikling. Hva, hvorfor og hvordan?* Oslo: Universitetsforlaget.

Steneby, S. S. (2014, 18. februar). Når barna viser vei. *Harvest magazine*. Hentet fra:

<https://www.harvestmagazine.no/artikkel/nar-barna-viser-vei>